

Saksbehandlar: Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 19/8094-1

Overføring av Astrupkunst

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Tressnitta «Fugl på stein», «Soleinatt», «Juninatt i hagen», «Maimåne», «Heim frå arbeid» og «Liten kornstaur», jf. vedlegg 1, vert overført til Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane kunstmuseum som gåve.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at tressnitta vert verande samla, og forvalta etter museale prinsipp.
3. Ved formidling/framvising av tressnitta, føreset fylkeskommunen at utstillingar og arrangement i Astruptunet vert prioritert.

Vedlegg:

1. Oversikt over registreringar av tressnitta i Primus (museumsdatabasen).
2. Vedtak i FU-sak 199/1986
3. Saksframstilling i FU-sak 199/1986
4. Uttale frå Øystein Loge (vedlegg i FU-sak 199/1986).
5. Utlån av Astrupbilde sommaren 1987 til Jølster kommune av 07.05.1987
6. Kvittring på utlån av tressnitta av 20.05.1987

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet gjorde i 1986 vedtak om å kjøpe 6 fargetresnitt av kunstnaren Nikolai Astrup. Kjøpesummen var samla kr 250 000, og kr 20 000 vart løyvd til transport, forsikring, råmer, m.m. (jf. vedlegg 2 og 3).

Sidan sommaren 1987 har bilda vore utlånte til Jølster kommune/Astruptunet (jf. vedlegg 5 og 6), og har vore vist fram i fleire ulike utstillingssamanhengar på Astruptunet og Eikaasgalleriet. Så langt fylkesrådmannen kan sjå, vart det ikkje utarbeidd noko form for utlånsavtale/deponeringsavtale mellom fylkeskommunen og Astruptunet/Jølster kommune.

Sogn og Fjordane kunstmuseum har vore ansvarleg for drifta ved Astruptunet gjennom konsolideringsavtalen frå 2003. Tressnitta er registrert i «Primus» som er musea sin gjenstandsdatabase (vedlegg 1). Fylkeskommunen har no fått eit spørsmål frå kunstmuseet om det ville vere aktuelt for fylkeskommunen å overføre eigarskapen til tressnitta til Astruptunet/kunstmuseet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Den gong tressnitta vart kjøpt inn av fylkeskommunen, vart det i saka sagt m.a. følgjande:

«Bilda bør vere i fylkeskommunen si eige og høver godt i fleire fylkeskommunale samanhengar. Fylkeskommunen bør likevel vere open for utlån i samband med utstillingar, mv.».

Det er i prinsippet ingenting i vegen for at fylkeskommunen også framover står som eigar av tresnitta, og at det vert inngått ein formell deponeringsavtale med Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane kunstmuseum. På andre sida er det naturleg å sjå hovudintensjonen med kjøpet som eit tiltak for å sikre lokal eigarskap til, og formidling av verdifull Astrupkunst. Ut frå dagens tenking og strukturar vil det vere naturleg at denne typen kunst bør eigast/handterast av faginstansar som er etablert til føremålet.

Som del av konsolideringa innan museumsfeltet har Jølster kommune avtale med Musea i Sogn og Fjordane/Sogn og Fjordane kunstmuseum om drift av Astruptunet. Kunstmuseet er dei som har fagkompetanse på oppbevaring og formidling av kunst, og fylkesrådmannen ser det mest naturleg at eigedomsretten for tresnitta vert overført Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane kunstmuseum. Eit alternativ kunne vere Jølster/Sunnfjord kommune, men også dei vil måtte støtte seg på kunstmuseet sin fagkompetanse gjennom ein utlåns-/deponeringsavtale.

Kjøpesummen for tresnitta i 1986 var samla kr 250 000. Til grunn for kjøpet låg m.a. ein fagleg uttale frå Astrup-kjennar Øystein Loge (jf. vedlegg 4). Kjøpet den gongen var ikkje i den opne marknaden, og det er såleis umogleg å seie kva som var marknadsverdien på det tidspunktet, på same måte som det er vanskeleg å seie kva verdi denne kunsten har om dei vart lagt ut for sal i dag. Frå auksjonar som har vore, veit vi at «Fugl på stein» i 1999 vart omsett for 660 000 kr. I 2015 vart eit anna eksemplar av dette omsett for 1,3 mill kr (vurdert til 700 000 - 900 000 kr). Andre motiv, slik som «Juninatt i hagen» vart i 2015 omsett for 700 000 kr (vurdering 700 000 - 900 000 kr). «Soleienatt» vart omsett i 2018 for 700 000 kr (verdivurdering 700 000 - 900 000 kr). «Maimåne», «Hjem frå arbeid» og «Liten kornstaur» er verdsette til/omsette for mellom 200 000 og 380 000 kr.

Omsetjingssummane viser variasjon mellom ulike motiv, og at det også varierer mellom ulike utgåver av same motiv. Dei seks tresnitta er uansett viktige og verdfulle med tanke på formidling av Astrupkunst.

Det vart ikkje lagt vilkår for kjøpet i 1986, men det låg eit uttalt ønskje frå seljar om at tresnitta skulle haldast samla, og kome «heim». Slik fylkesrådmannen ser det, er dette intensjonar som bør følgje med ved overføringa av kunsten no, samstundes som ein ikkje set bastante krav til korleis gåva skal forvaltast. Gåva må gå inn i Musea i Sogn og Fjordane/Sogn og Fjordane kunstmuseum si samling, og bli forvalta der etter gjeldande museale prinsipp. Fylkesrådmannen vil likevel legge til at formidling av kunsten knytt til utstillingar/arrangement i Astruptunet bør ha prioritet.

Fylkesrådmannen viser elles til at fylkestinget i junimøtet løyvde 1,4 mill kroner til eit forprosjekt for visingsenter/servicebygg for Astruptunet. Eit framtidig visingsbygg vil gi betre rammer for kunstformidlinga, deriblant formidlinga av desse tresnitta.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til drøftinga over og rår til at dei seks tresnitta av Nikolai Astrup som vart kjøpt inn av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 1986 vert gitt som gåve til Musea i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane kunstmuseum.